




2025



Badeball 3.-5. trinn



Løysingsord: _____



Matematikk.org




MATEMATIKKSENTERET
Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen




OFFSHORE NORGE




Oppgåve 1




Lotte skal lage ei slik stjerne.




Ho manglar ein bit i midten.




Kva bit manglar Lotte?




F




B



S



R



T




Oppgåve 2



Tala 1, 2, 4, 5 og 6 skal skrivast inn i sirklane, eitt tal i kvar sirkel.

Summen av tala langs kvar linje skal vere 11.




Kva tal må stå i den rosa sirkelen?


1	2	4	5	6
E	O	T	A	R




Oppgåve 3




Noah har to like brikker:




Kva figur kan Noah ikkje lage med dei to brikkene?




M




U



S




O



T



Oppgåve 4



Emilie sel blomstrar.
Ein stor bukett kostar 130 kr.
Ein liten bukett kostar 80 kr.

Ein dag selde ho for nøyaktig 1000 kr.




Kor mange bukettar selde Emilie til saman denne dagen?

8	9	10	11	12
S	P	K	R	M



Oppgåve 5



Benjamin skal ta eit bilete av dei fire kjæledyra sine.
Han må passe på at katta ikkje står ved sida av musa.




Kor mange ulike måtar kan Benjamin stille opp kjæledyra på?

4	6	12	16	24
M	A	K	E	L




Oppgåve 6




Du har seks kort med tala frå 1 til og med 6.

Du trekkjer to tilfeldige kort og legg saman tala.




Kor mange ulike summer er det mogleg å få?

6	9	12	15	30
U	A	D	T	N




Oppgåve 7




Du skal dekkje til tala i rutenettet med ein av figurane.
Summen av tala du dekkjer skal bli størst mogleg.
Du kan rotere figurane.

2	1	9
7	8	6
4	5	3


Kva figur må du bruke?




E




T



R




N



M




Oppgåve 8



I eit nabolag er det seks hus med til saman 18 personar.

I den eine gata er det tre hus med 9 personar.
I ei anna gate er det tre hus med 10 personar.
I den siste gata er det tre hus med 11 personar.



Kor mange personar bur det til saman i dei tre hjørne-husa?

6	9	10	12	15
L	E	S	D	N